

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 14.01.2021

Åsmund Berthelsen, SV, viste til at det var feil i protokoll frå møte den 25.11.2020 i PS 62/20 «Mål og strategiar for den vidaregåande opplæringa i Vestland».

«I protokollen står det, s. 37

Mål 3:

Strategiar:

3.1. Elevane og lærlingane opplever samanheng og tryggleik i alle overgangar.

Vert endra til: Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.

Her skal det stå:

Mål 3:

Strategiar:

3.1. Elevane og lærlingane opplever samanheng og tryggleik i alle overgangar.

Vert endra til: Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar.»

Vedtak

Møteboka frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 25.11.2020 vart godkjent med merknaden ovanfor.